

# Vedtekter for Vats Grendautval.

Godkjende i årsmøte 21. nov. 2012

1. **Vats Grendautval vart stifta 4. sept. 2008** på eit folkemøte i Vindafjordhallen der kommuneleiinga presenterte Vindafjord sin kommuneplan for folket i Vats.
  2. **Utvalet er eit bindeledd mellom alle innbyggjarane i bygda og kommunen.**  
Utvalet skal arbeida for å få til ei levande og god bygd å bu i og tek difor opp saker som er av allmennyttig interesse. Alle kan koma med innspel om saker.  
Utvalet er også høyringsinstans i saker som særleg vedkjem Vats.
  3. **Vats Grendautval er samansett slik:**  
Styret har 6 medlemmer – 1 leiar og 5 styremedl. + 2 varamedlemmer.  
Det bør vera 3 damer og 3 menn i styret.  
**Leiar** blir vald for 1 år.  
**Styremedlemmer** blir valde for 2 år  
**Varamedlemmer** blir valde for 1 år  
Ved fyrstegongsval blir halvparten av medl. valde for 1 år, dei andre for 2 år.  
**Valnemnd:** 3 stk - valde for 3 år – 1 går ut kvart år.
  4. **Årsmøte blir halde kvart år.**
    - a. **Årsmøtet blir kunngjort ved plakatar, evt. info.skriv til alle husstandar og gjennom info. på Vats si heimeside – vatsnett.com, seinast 2 veker før møtet.**
    - b. **I årsmøtet tek styret opp saker som er innkomne eller som styret meiner er viktige å ta opp eller saker til berre informasjon.**
    - c. **Styret legg fram årsmelding og rekneskap som årsmøtet skal godkjenna.**
    - d. **Val:**  
Eiga valnemnd tek seg av valet og legg fram innstillinga si på årsmøtet.  
1. **Leiar:** 2. **Styremedl.** 3. **Varamedl.** 2 stk. (valde for 1 år.)  
4. **Revisor:** 1 person
    - e. **Valnemnd:** 3 medl.
- Styret konstituerer seg i fyrste styremøte og vel nestleiar, skrivar og kasserar.**  
**Dersom årsmøtet ikkje vel leiar, ordnar styret med leiar/kontaktperson i konstituerande møte.**  
(1.varamedl blir innkalla til alle styremøta og har uttalerett i alle saker, men ikkje røysterett når han møter som varamedl.)
5. **Styret i Grendautvalet lagar ein fast møteplan for styremøta.**  
Møteplanen blir gjort kjent for folk i bygda på heimesida til Vats: [vatsnett.com](http://vatsnett.com)
  6. **Styremøta:**
    - a. **Leiaren og skrivaren lagar sakliste og sender ut innkalling til møta.**
    - b. **Det blir skriva referat frå kvart styremøte.** Referata blir sende til heimesida til kommunen/postlistene og til heimesida til Vats der alle kan lesa kva som er teke opp og drøfta.
    - c. **Særutskrifter.** Leiar eller skrivar lagar særutskrifter og sender desse ut til dei aktuelle mottakarane.
    - d. I saker som krev avrøysting, har leiaren dobbelstemme.